
Saknr: 2020/1929-9
Saksbehandlar: Dagmar Reutz Hillestad

Saksgang

Utval	Utv.saknr.	Møtedato
Fylkesutval for ungdom		01.02.2020

Mål og strategiar for utvikling av den vidaregåande opplæringa i Vestland for perioden 2020-2024

Forslag til vedtak

Vestland ungdomsutval gjer slikt val av representant til referansegruppa:

.....

Samandrag

Arbeidet med å setje retning, mål og strategiar for utvikling av den vidaregåande opplæringa i Vestland vert no starta opp. Strategien skal vise korleis ungdom både i sentrumsområder og i distrikta får eit likeverdig opplæringstilbod. Strategien skal synleggjera vidaregåande opplæring si rolle i samfunnsutviklinga lokalt og regionalt. Fylkesdirektøren utarbeider ein framdriftsplan for arbeidet med nytt mål- og strategidokument. Dokumentet skal leggjast fram for hovedutvalet for opplæring og kompetanse sitt møte i februar 2020.

VU vert beden om å delta i dette arbeidet og oppnemner ein representant til å delta i referansegruppa.

Bertil Søfteland
seksjonssjef

Dagmar Reutz Hillestad
utvalssekretær

Saksframlegget er godkjent elektronisk og har difor ingen handskriven underskrift

Saksutgreiing

Bakgrunn for saka

Fylkestinget vedtok som ein del av budsjett 2020 og økonomiplan 2020-2023 i PS-sak 14/2019 at det skal setjast i gang eit arbeid med å etablera eit mål- og strategidokument som skal vera eit viktig verktøy for utviklinga av vidaregåande opplæring i Vestland. Dokumentet skal vise både utfordringar og målsetjingar for sektoren dei neste fire åra. I dette arbeidet skal det utarbeidast ein strategi som viser korleis ungdom både i sentrumsområda og i distrikta kan få eit mest mogleg likeverdig tilbod.

Arbeidet skal munne ut i prioriterte mål og tiltak som viser eleven og lærlingen sitt læringsutbytte, og korleis ein legg til rette for ei heilskapleg opplæring.

Referansegruppa skal vera breitt samansett. Gruppa skal gje innspel under prosessen og kan også arrangere innspelsrundar/fagdagar der ein tek opp utfordringar/problemstillingar. Fylkesdirektøren legg fram utgreiingar/problemstillingar for gruppa med tanke på kvalitetssikring, og for å få tilbakemeldingar.

Hovedutvalet for opplæring og kompetanse skal vera styringsgruppe. Regional planstrategi og utfordringsbiletet for Vestland vil gje retning for arbeidet.

Vedtakskompetanse

Hovedutval for opplæring og kompetanse er styringsgruppe for arbeidet med mål og strategiar for vidaregåande opplæring i Vestland fylkeskommune. Dei har ut ifrå dette vedtakskompetanse i saka. Saka skal slutthandsamast i fylkestinget i september 2020.

Konklusjon

Vestland ungdomsutval deltek i referansegruppa med ein representant.